



Dato: 25.08.2009
Arkivref: 2008/2542-
17828/2009 / 501

Saksbehandlar: Njål Gunnar Slettebø
53 42 31 32
njål-gunnar.slettebo@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

HØYRING PÅ FRAMLEGG TIL STATLEGE PLANRETNINGSLINER FOR DIFFERENSIERT FORVALTNING AV STRANDSONA LANGS SJØEN- UTTALE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Bømlo kommune krev at Bømlo vert stroke frå pkt 4.3 i framtidige statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Bømlo kommune bør flyttast til pkt.5 d.v.s. kommunar med mindre press på arealene.
2. Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og kommunane i Sunnhordland startar arbeidet med Interkommunal plan for forvaltning av strandsona i Sunnhordland umiddelbart.

Dokument i saka:

Framlegg til statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen datert 29.06.09.

Bakgrunn for saka:

Miljøverndepartementet sendte i skriv 29.06.2009 ut forslag til statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen til høyring i m.a. kommunane. Fristen for å gje uttale til forslaget er sett til 4. september 2009.

Bakgrunn for at det vert foreslått statlege planretningslinjer for strandsona er at det i ny plan- og bygningslov (plandelen) av 27. Juni 2008 nr. 71 også er fastsett nye regler om strandsona. Ved behandling av lova blei det og føresett at det skulle utarbeidast statlege planretningslinjer for ein differensiert strandsonopolitikk. Retningslinene skal etter § 6-2 i ny lov fastsettast av Kongen.

Det ein ønskjer å oppnå med retningslinene er å hindra uheldig bygging i 100-metersbeltet langs sjøen, samstundes som det gjennom planlegginga skal leggjast til rette for ei berekraftig lokal utvikling bygd på dei ulike natur- og kulturgjevne forholda langs kysten. Det vert difor noko ulike retningslinjer for sentrale områder der presset på areal er stort, og for områder med mindre press på areal.

I retningslinene pkt 4.2 vert det føreslått at gjeldande "Rikspolitiske retningslinjer for planlegging i kyst- og sjøområder i Oslofjordregionen av 9. Juli 1993" (vedlagt) fortsatt skal gjelda for kysten i Østfold, Oslo, Akershus, Buskerud, Vestfold og Telemark. I pkt 4.3 vert det føreslått at prinsippa i retningslinene for Oslofjordregionen også skal brukast tilsvarande for kysten i Aust-Agder og Vest-Agder og delar av kysten i Rogaland, Hordaland, Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag, men avgrensa til 100-metersbeltet på land. Vurderinga av kva for kommunar som er

omfatta av dei ulike delane av retningslinene er basert på omgrepet sentralitet, dvs basert på ei vurdering av kor den einskilde kommune ligg plassert i forhold til større byar. Av sunnhordlandskommunane er det berre Etne som ikkje er plassert i det området som vert føreslege behandla på same måte som kommunane i Oslofjordregionen. Den konkrete vurderinga av områdeavgrensing er det miljøverndepartementet som står for, men som det også står i høyringsbrevet

”Det er i avgrensningen også lagt vekt på vurderingar gjort av fylkesmenn og fylkeskommuner, ut fra deres erfaringar ved behandlinga av saker om bygging i strandsonen.”

Miljøverndepartementet ber spesielt om at det i høyringa vert gjeve synspunkt på den føreslegne geografiske avgrensinga og om bidrag til auka kunnskapsgrunnlag om strandsona som og evt kan påverka innhaldet i retningslinene.

Hausten 2008 utarbeidde Samarbeidsrådet for Sunnhordland ”Strandsonestrategi for Sunnhordland.” Denne vart vedteken i alle 8 kommunane i desember 2008.

Bakgrunn for denne saka var m.a. at det ved fleire høve hadde vore drøfta internt i Sunnhordlandsregionen kor vanskeleg det er å få til ønska utvikling i strandsona og at det var ønskjeleg å koma over i ein praksis der strandsona, i tråd med lange tradisjonar, igjen skulle kunne nyttast til styrking av næringsgrunnlaget i Sunnhordland og sikra busetjing i lokalmiljøa.

Vedteken strandsonestrategi for Sunnhordland er i desse dagar konkretisert i eit prosjekt i samarbeid med fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune, der den eine ambisjonen er å utarbeida ein interkommunal plan for strandsona i Sunnhordland og den andre er å styrka planarbeid som politisk verkty. Fylkesmannen i Hordaland har løyvd kr. 200 000,- til delfinansiering av arbeidet.

Vurderingar:

Som vist ovanfor er alle sunnhordlandskommunane, utanom Etne, plassert i den delen av retningslinene som skal behandlast på same måten som Oslofjordregionen. Bakgrunn for denne vurderinga er at desse kommunane er plassert nært større byar og difor er utsett for eit tilsvarande utbyggingspress som kommunane i Oslofjordregionen.

Denne vurderinga kjenner vi oss ikkje igjen i og meiner og å kunne dokumentera at utbyggingspresset i sunnhordlandsregionen ikkje kan samanliknast med Oslofjordregionen. Her syner vi m.a. til at Sunnhordland har ei kystline på 3.571 km og at det i perioden 1985-2004 berre vart utbygd 2,3% av denne kystlina. I tillegg meiner vi å kunne dokumentera gjennom oversiktsbilete av strandsona i Sunnhordland at nedbygging på langt nær er komen like langt her som i Oslofjorden. Den demografiske utviklinga i Sunnhordland peiker heller ikkje i ei retning som tyder på at utbyggingspresset vil auka i åra som kjem. Snittalderen på befolkninga i regionen vil auka i åra som kjem og talet på innbyggjarar vil etter kvart gå nedover. For lokalpolitikarane i regionen utgjere denne utviklinga den aller største utfordringa i åra som kjem.

Lokalpolitisk er det overmåte viktig at alle ressursar vert tekne i bruk for å snu ei negativ utvikling, slik at heile landet vert teken i bruk. Dette meiner vi godt let seg gjera, utan at dette vil gå utover mangfaldet i naturen, landskaps-/kulturverdiar eller tilgongen for allmenta i strandsona. Nøkkelen ligg, slik vi ser det, i å gjennomføra gode planprosessar, slik at innbyggjarane i Sunnhordland får eit eigarforhold til vedtekne planar og tek ei ansvar for fellesskapet i eit berekraftig perspektiv.

For at statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona skal kunne ha ein viss legitimitet i befolkninga er det vårt syn at bakgrunn og grunngeving for den geografiske inndelinga i retningslinene vert forstått. Den føreslegne inndelinga bidreg ikkje til ei slik forståing og må difor endrast til at alle sunnhordlandskommunane vert trekt ut frå forslaget pkt 4.3.

Fråsegn frå råd for likestilling av funksjonshemma:

Rådet har ikkje fått saka til vurdering.

Økonomiske konsekvensar:

Ikkje vurdert.

Miljømessige konsekvensar:

Ikkje vurdert

Beredskap- og samfunnstryggleik:

Ikkje vurdert.

Oppsummering og konklusjon:

Bømlo krev at Bømlo kommune vert strokne frå pkt 4.3 i framtidige statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Bømlo kommune vil saman med dei andre kommunane i Sunnhordland starta arbeidet med Interkommunal plan for forvaltning av strandsona i Sunnhordland. Dette planarbeidet bør starte opp som eit samarbeidsprosjekt med Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune.